

Årsmelding 2004

Dette året har styret i Sandsøy IL bestått av: Endre Vorren (leiar), Kristin Grande (nestleiar), Philippa v. Iwaarden (sekretær), Svein Helge Bringsvor (kasserar), Arnvald Bringsvor (styremedlem). Varafolk til styret har vore Lisbeth Helland og Harald Våge.

Vi har hatt eit bra driftsår i idrettslaget, der vi har hatt 5 styremøter.

Av aktivitet har vi hatt 3 fotball-lag innan aldersbestemte klasser:

- 90/91- laget har hatt Terje Follestad og John Longva som oppmenn og trenarar Daniel Halsebakk og Anders Bringsvor
- 92/93- laget har hatt Monica Flatøy og Ragnhild Våge Støyle som oppmenn og trenarar var Olav Harald Våge og Arnvald Bringsvor
- 94 og seinare har hatt Oddbjørg Einang Olsen og Lisbeth Helland som oppmenn og trenar var Kristin Grande

Også dette året har vi hatt samarbeid med Åram IL og Kvamsøy IL.

Takk for flott innsats alle saman!

Elles av aktivitetar i idrettslaget kan vi nemne:

- ”7 fjells tur” i april arrangert av trimgruppa
- Tombola i mai
- ”Old boys/ old girls” turnering i juni
- Dugnad på fotballbana i september der ein del skog rundt bana blei rydda. Her var det godt oppmøte. Nemner også at Arnvald og Anne Bjørg måla klubbhuset. Stor takk til dei!

Medlemskontingent i idrettslaget for 2004 var slik:

- born 50,-
- vaksne 100,-
- familie 200,-

Alle medlemmar får rabatt på kjøp av sportsutstyr hos Voksøy AS.

Dette året har vi hatt ca. 40 medlemmar. Håper på fleire i 2005.

Når det gjelder økonomien i laget viser vi til ei meir detaljert melding frå økonomiansvarleg.

Styret i Sandsøy idrettslag

Årsrapport frå trimgruppa 2004

Trimgruppa har også i 2004 vore konsentrerte om vedlikehald av turløypene og bøkene som ligg ute.

I påska arrangerte vi ein 7-topps prøvetur med 9 spreke deltakarar. Gunhild og Kristin arrangerte turen, og fullførte den med glans. Turen starta på Kletten og Kulen, så Rinden og Signalen. Nokre gjekk også opp på Dollsteinen, men det var kun for dei som likar ekstremспорт. Deretter gjekk turen ned i Hellandsvågane før Hellandsfjellet og Hornet vart bestege, og turen vart avslutta på Grøntua. Hovudgruppa brukte om lag 7 timar på heile rundturen. Flott gjort!

Vi satsar i år på ein ny 7-topps tur i påska. Det vert mest sannsynleg langfredag. I tillegg vil vi arrangere ein marsj rundt vågen med ein avstikkar til Hellandsvågane for dei som heller vil gå på asfalt.

Vi arrangerte ein fellestur på Kletten i november etter at vi merka ny løype opp, men det vart veldig dårleg oppmøte SKJERP DOKKE!!

Turløypene og antal skrivne i bøkene i 2004:

Dollsteinen	642 personar
Rinden	507 personar
Hellandsvågane	862 personar
Grøntua	172 personar
Kleivneset	364 personar
Kletten	218 personar
Voksehaugen	311 personar
<u>Trollhola</u>	<u>92 personar</u>
Totalt	3172 personar

Dette er ein nedgong på 506 personar frå i fjor, så her må vi gjere ein innsats i 2005, både vi trimgruppa og dokke andre.

Desse borna har vore innom alle bøkene og oppnådd sin poengsum (etter alder):

Sigfred Worren Nystøyl	21 poeng	Gyda Myklebust	49 poeng
Martin Myklebust	57 poeng	Elias Grande Strømsnes	31 poeng
Halvor Mølmen	28 poeng	Dina Mølmen	35 poeng
Vebjørn Støyle Bringsvor	383 poeng (59 gongar på Rinden)		
Kim van Iwaarden	34 poeng	Anders Våge	48 poeng
Knut Sindre Mølmen	38 poeng	Ingar Støyle Bringsvor	59 poeng

Av dei vaksne har Ingeborg Våge utmerka seg med 122 gongar i Hellandsvågane og Solgunn Våge med 57 gongar på Kleivneset.

Trimgruppa i Sandsøy IL 2004

Gunnhild Anfinnsen	Kristin Grande
Britt Synnøve Våge	Ragnhild Våge Støyle